

KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL – KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

Tid: Måndag 8. mai 2017 kl. 13.00-14.30
Stad: Fjell Rådhus, Skodespelarfoajeen

Møteleiar: Kristian Johannessen
Medlem som møtte: Svein Lie, Audhild Solsvik, Helene W. Berger
Medlem som ikkje møtte: Anders Fjell
Frå administrasjonen: Svend-Fredrik Untiedt (økonomisjef), Tore Solvang
Frå revisjonen: Espen Hordvik, Maja Finnes Sollid

Saksliste:

10/2017	Innkalling og saksliste
11/2017	Årsrekneskap 2016 for Fjell kommune
12/2017	Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2017
13/2017	Innstilling til kommunestyret om val av revisor for fellesnemnda
14/2017	Eventuelt

Leiar:
Kristian Johannessen
Trengeidvegen 64, 5382 Skogsvåg
Telefon: 917 00 359
E-post: kristian@garlid-johannessen.com

Sekretariat:
Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS
v/advokat Eiliv Engelsen
Postboks 1213 Sentrum, 5811 Bergen
Telefon: 55 56 82 68 / E-post: een@svw.no

KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

10/2017: INNKALLING OG SAKSLISTE

Kontrollutvalet gjekk gjennom innkalling og saksliste.

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

11/2017: ÅRSREKNESKAP 2016 FOR FJELL KOMMUNE

Saksdokument:

- Årsmelding og rekneskap for 2016 frå Fjell kommune
- Revisjonsmelding og revisjonsrapport for 2016 frå Deloitte AS

Saksopplysing:

Det følgjer av forskrift om kontrollutval ved kommunar og fylkeskommunar § 7 at:

"Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkestinget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget."

Årsrekneskap for 2016 skal handsamast i formannskapet i Fjell kommune den 10. mai, og deretter handsamast i kommunestyret i Fjell kommune.

Innstilling frå sekretariatet:

Kontrollutvalet vedtek å gje slik uttale til Kommunestyret:

Til: Kommunestyret i Fjell kommune

Kontrollutvalet sin uttale om Fjell kommune sin årsrekneskap for 2016

Kontrollutvalet har i møte den 8. mai 2017 handsama Fjell kommune sin årsrekneskap for 2016. Grunnlaget for handsaminga av vore den avlagde årsrekneskapen, rådmannen si årsmelding og Deloitte si revisjonsmelding som er tatt inn i årsmeldinga.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov og gjev uttrykk for tilhøva som omtalt i rådmannen si årsmelding.

Kontrollutvalet har ikkje merknader til Fjell kommune sin årsrekneskap for 2016.

Handsaming i møte:

Svend-Fredrik Untiedt frå administrasjonen la fram årsrekneskapen for Fjell kommune for 2016. Det vart også kort orientert om prognosar for årsrekneskapen for 2017.

KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

Espen Hordvik frå revisjonen la fram revisjonsrapport for 2016. Svend-Fredrik Untiedt kommenterte ved høve.

Det var høve for kontrollutvalet til å stille spørsmål til administrasjonen og revisjonen.

Etter gjennomgangen vart følgjande vedtak samrøystes vedteke:

VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek å gje slik uttale til Kommunestyret:

Til: Kommunestyret i Fjell kommune

Kontrollutvalet sin uttale om Fjell kommune sin årsrekneskap for 2016

Kontrollutvalet har i møte den 8. mai 2017 handsama Fjell kommune sin årsrekneskap for 2016. Grunnlaget for handsaminga av vore den avlagde årsrekneskapen, rådmannen si årsmelding og Deloitte si revisjonsmelding som er tatt inn i årsmeldinga.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov og gjev uttrykk for tilhøva som omtalt i rådmannen si årsmelding.

Kontrollutvalet har ikkje merknader til Fjell kommune sin årsrekneskap for 2016.

12/2017: OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON 2017

Saksopplysing:

Kontrollutvalet vedtok i sak 3/2017 prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2017. Forvaltningsrevisjonen er under arbeid, og i møte vil Deloitte AS gjennomgå arbeidet som så langt er gjort.

Saka vert lagt fram utan innstilling frå sekretariatet.

Handsaming i møte:

Maja Finnes Sollid orienterte om arbeidet som så langt er gjort under forvaltningsrevisjonen for 2017, og vidare framdriftsplan for forvaltningsrevisjonen. I tråd med gjennomføringsplanen ligg det an til at rapporten er ferdig innan utgangen av september 2017.

Det var høve for kontrollutvalet til å stille spørsmål.

Saka var til orientering, og kontrollutvalet fatta ikkje vedtak i saka.

13/2017: INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET OM VAL AV REVISOR FOR FELLESNEMNDA

Saksdokument:

- Saksframlegg datert 26.4.2017 frå Fjell kommune

KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

Saksopplysing:

Kontrollutvalet vedtok i møte den 28.3.2017 i sak 7/2017 om val av revisor for fellesnemnda at:

"Kontrollutvalet vil leggje fram sak om innstilling til kommunestyret om val av revisor for fellesnemnda på neste møte i kontrollutvalet."

Kommunestyret vil handsame val av revisor til fellesnemnda på møte den 21.6.2017. Valet vil skje etter saksframlegg og innstilling frå administrasjonen i Fjell kommune. Det er fastsett i møte den 24.4.2017 i førebuande fellesnemnd at kontrollutvalet skal uttale seg om innstillinga til val av revisor for fellesnemnda. Det mottekne saksframlegget med innstilling av 24.4.2017 frå Fjell kommune lyder som følgjer:

"Fellesnemnda skal følgje same ordninga for rekneskapsføring og revisjon som Førebuande Fellesnemnd. Denne skal gjelde fram til den nye kommunen er etablert og Fellesnemnda sin funksjon opphøyrer. Ordninga inneber at Fjell kommune skal føre Fellesnemnda sin rekneskap, og Fjell kommune sin revisor skal revidera rekneskapa for nemnda."

Innstilling frå sekretariatet:

Kontrollutvalet vedtek:

Kontrollutvalet har ingen merknader til saksframlegg av 24. april 2017 om val av revisor for fellesnemnda.

Handsaming i møte:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saksframlegget av 24. april 2017 med innstilling om val av revisor og ordning for rekneskapsføring.

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til innstilling av revisor til fellesnemnda.

Kontrollutvalet fann ikkje grunnlag for at kontrollutvalet også skal uttale seg om den del av innstillinga som gjeld val av ordning for rekneskapsføring. Det var semje i kontrollutvalet om å presisere dette i vedtaket.

Etter felles drøfting vart følgjande vedtak samrøystes vedteke:

VEDTAK:

Kontrollutvalet har ingen merknader til saksframlegg av 24. april 2017 som gjeld val av revisor for fellesnemnda. Kontrollutvalet har ikkje handsama den del av saksframlegget av 24. april 2017 som gjeld val av ordning for rekneskapsføring.

14/2017: EVENTUELT

Møte vart heva kl. 14.30.

KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

Kontrollutvalet i Fjell kommune, 8. mai 2017

Kristian Garlid Johannessen
Leiar

Eiliv Engelsen
Sekretariat